



Arbeiderpartiet

TOKKE ARBEIDERPARTI - VALPROGRAM 2023 - 2027

Tryggleik Moglegheiter Fellesskap

Dei store oppgåvene løyser vi best saman!

Me trur på sterke fellesskapsløysingar. Arbeiderpartiets representantar skal vere gode ambassadørar for eit rettferdig og godt samfunn for innbyggjarar og tilsette i Tokke kommune

HELSE – OMSORG- FRISKLIV

TOKKE AP VIL:

HELSE

- ha langsiktig politikk på helsefremjande og førebyggjande arbeid
- arbeide for planlegging og bygging av helsehus
- at kommunen skal følgje utviklinga når det gjeld å ta i bruk velferdsteknologi
- leggje til rette for at kommunen fortsatt kan utføre sjukehusstenester som t.d. cellegiftbehandling
- at sjuke og eldre skal ha gode tilbod i eigen kommune og ikkje sendast til nabokommunane
- ha eit godt psykisk helsetilbod; tidleg innsats, behandling og ettervern lokalt
- ha heilskapleg rusomsorg som satsar tungt på førebygging, behandling og ettervern

OMSORG

- ha god eldreomsorg med tilpassing til den einskilde sitt behov
- styrke dagsenter der eldre kan møtast med utvida aktivitetstilbod
- styrke demensomsorga med auka dagtilbod
- fokusere på det me meiner er etisk rett og ikkje berre «godt nok»
- syte for transportordningar som gjev eldre mobilitet i kvardagen

FRISKLIV

- støtte opp om tiltak for varig tilrettelagt arbeid for unge uføre
- fortsatt støtte drifta av frivilligsentralen
- ha frisklivstrening for dei som er i arbeid, etter arbeidstid



NÆRING – UTVIKLING – REISELIV

- auke folketalet; etablere fleire møteplassar for alle aldersgrupper
- bidra til at prosjekt 59° Nord får realisert bygging av prøvebustad på Åmdals Verk
- bevare ordninga med pristak på straum for alle; private, næringar og hytteeigarar
- trygge arbeidsplassar og butikkdrift spesielt
- arbeide for næringshagar med attraktive kontorplassar som bidreg til innovasjon og vekst
- ha faste næringslunsjar og møteplassar for å stimulere til samarbeid og utvikling
- ha lik handsaming av all næring som t.d. landbruk, industri, handel, service og reiseliv
- oppretthalde, auke og utvikle vedlikehald av kommunale friluftsområde
- etablere fleire attraktive rasteplassar med sanitæranlegg og informasjon/skilting i kommunen

Ny Tokke skule!

OPPVEKST – SKULE – UTDANNING

TOKKE AP VIL:

- at det skal byggjast ny Tokke skule. Dette for å betre arbeidsforholda for elevar og tilsette
- jobbe for å utvide skulematordninga
- halde fram med dagens nivå med sommarvikarar for minimum tre veker
- oppretthalde dagens nivå for inntak av lærlingar og sjå om det er mogleg å utvide dette
- øymerke midlar til å styrke praktisk tilnærming i faga; eks. til transport til ekskursjonar/aktivitetar eller materiell og utstyr som er nødvendig i kunst- og handverksfaget
- oppretthalde tilbodet om gratis SFO for 1-4 klasse
- oppretthalde tilbod ved Vest-Telemark Vidaregåande Skule etter regionen sitt behov

IDRETT – FYSISK AKTIVITET – KULTUR

TOKKE AP VIL:

- oppretthalde dagens nivå på stønadar til lag og foreiningar
- framleis satse på attraktive idretts- og kulturtilbod
- oppretthalde og vidareutvikle fritidstilboda til barn og ungdom
- ha lengre sesong ved Tokkebadet
- utvide og forbetre tilbodet ved Tokkegym



1. kandidat Kjell Magne Grave (63)

Han har eit sterkt engasjement for lokalpolitikken og er nå motivert for ein periode med vervet som ordførar for Tokke. Kjell Magne har lang fartstid i kommunestyre og formannskap, samt ein periode som varaordførar.

Minner alle om at det er to val og at det er viktig å stemme fram vår tidlegare ordførarkandidat Hilde Alice Vågslid som står på fylkespartilista for Telemark.

Høgfartsbane over Haukeli!

SAMFUNN – MILJØ – SAMFERDSEL

TOKKE AP VIL:

- stø opp om prosjekt for auka bruk av sykkel i heile kommunen
- ha urbane kvalitetar og velhaldne tettstadar som gjer oss attraktive
- velje energismarte produkt ved utskifting av utstyr og oppussing av kommunale bygg, for å bidra til å redusere klimagassutslepp og energibruk; eks. varmepumpe, etterisolering, belysning/lysstyring
- ha gode avfallssystem som sikrar gjenvinning i alle kommunale bygg
- ha vidare sikring av kommunale vegar
- ha kortare og lovfesta responstid for naudeiningane
- arbeide for at Tokke kommune gjer klimavenlege innkjøp
- ha tilgang til fiber og tilsvarande løysingar i heile kommunen
- ha betre samordna kollektivtilbod for buss og jernbane
- ha heilårsveg over Suleskard inn i Nasjonal Transportplan
- ha fleire el-bil ladestasjonar i regionen – Hurtigladarar
- arbeide for betre sikring og oppgradering av fylkeskommunale vegar

POLITISK ARBEID - DEMOKRATI - SAMARBEID

TOKKE AP VIL:

- høyre på innspel frå ungdomsrådet
- jobbe aktivt for å få unge inn i politikken slik at deira stemme blir høyr
- oppmode til kreativt samarbeid mellom dei ulike partia til det beste for kommunen
- vere ei tydeleg regional stemme som er med på å styrke Vest-Telemark som region



TOKKE KOMMUNE SOM ARBEIDSPASS

TOKKE AP VIL:

- at omstilling og utvikling av kommunen skal skje i samarbeid med tilsette og arbeidstakarorganisasjonane
- ha tiltak for å få tilsette til å stå lengre i arbeid
- ha auka fokus på arbeidsmiljøet i Tokke kommune
- sikre gode tenester gjennom fagleg utvikling av dei tilsette i Tokke kommune
- ha kommunale institusjonar med etisk forsvarleg bemanning
- at Tokke kommune som hovudregel skal tilsetje i hele stillingar for å sikre rekruttering og vekst
- ha auka fokus på HMS-arbeid
- leggje til rette for at tillitsvalde i Tokke kommune skal ha tid til å møte- og uttale seg i hovudutvalsmøte



Tokke Arbeiderparti sine listekandidatar er:

Kandidat nr. 1

Kjell Magne Grave, f. 1960

Kandidat nr. 2

Mette Lillegård, f. 1972

Kandidat nr. 3

Stein Olav Lie, f. 1962

Kandidat nr. 4

Sigrd Jonassen Verpe, f. 2004

Kandidat nr. 5

Olav Storåsli, f. 1969

Kandidat nr. 6

Tove Palmork Haavelmoen, f. 1955

Kandidat nr. 7

Tor Øystein Gravdal, f. 1965

Kandidat nr. 8

Gunn Siri Haugan Vindal, f. 1967

Kandidat nr. 9

Solbjørg Frantzen, f. 1967

Kandidat nr. 10

Olav Godtland, f. 1948

Kandidat nr. 11

Eva Berge Lio, f. 1971

Kandidat nr. 12

Erik Skimmeland, f. 1968

Kandidat nr. 13

Siv Skogheim, f. 1974

Kandidat nr. 14

Romeo Adolphus Brown, f. 1962

Kandidat nr. 15

Lene Timland, f. 1967

Kandidat nr. 16

Einar Hovden, f. 1958

Kandidat nr. 17

Anne Helene Jupskås, f. 1954

Kandidat nr. 18

Nils Gjerde, f. 1948